



Kim Gripsgård

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1426 - 14/7673

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

19.05.2014

Retting av grenser for 36/ 42, 50 79 - Felles attendemelding frå sameigare av gnr 36 bnr 44

Meland kommune har 01.04.2014 sendt ut brev om retting av matrikelgrenser for gnr. 36 bnr. 42, 50 og 79. I sakshandsamingssystemet er fylgjande registrert som mottakar: Bjørg og Tom Getz, Randi Odland Kopimottakar: Sonja Rønhovde, Tarald Zahl Jensen, Børre Zahl Jensen og Kim Gripsgård.

Kommunen har mottatt felles tilbakemelding frå eigarar av 36/44 datert 05.05.2014. Eigedommen 36/44 har ikkje felles grense med 36/ 42, 50 og 79, men har vegrett over 36/3 mellom bnr 42, 50 og 79. Denne eigedommen var pga at desse grensene ikkje skulle rettast, først ikkje med på lista over dei som skulle ha varsel i denne rettesaka. 36/ 44 vart likevel påført mottakarlista før utsending pga at det var sannsynleg at dei kunne ha vegrett over aktuelt område. Dessverre vart berre eine eigaren her tatt med som mottakar av dette brevet. Kommunen sende 22.04 kopi av brevet også til Tordis Odland Andersen då Kim Gripsgård gjorde oss merksam på denne utegløyninga. Det vart sendt kopi av brevet der Bjørg og Tom Getz var mottakar då dette var einaste eksemplaret som låg i saksmappa.

I tilbakemeldinga frå Kim Gripsgård og Tordis Odland Andersen kjem det fram at Randi Odland ikkje skal vera kjent med dette brevet. Kommunen kjenner ikkje til kvifor Randi Odland ikkje har motteke dette brevet, då ho står som mottakar i vårt sakssystem. Då grensene det er søkt retting av alle er felles med Randi Odland sin eigedom er det avgjerande at ho samtykker i rettinga. Det første brevet vert difor sendt til Randi Odland saman med dette brevet og med nye 3 veker frist på tilbakemelding.

Det har ikkje kome inn merknader frå andre naboar enn 36/44. I vidare saksgang avgrensar ein difor mottakarar til 36/ 42,50,79, 36/ 3 og 36/44- pga vegrett.

Brevet frå eigarar av 36/ 44 vert lagt ved som kopi med dette brevet og ein del «påstandar» i brevet vert kommentert her.

Kim Gripsgård og Tordis Odland Andersen seier at rettighet til tilkomst til gnr 36 bnr 44 er heimla i skøyte. Dette skøytet bør leggst fram og det bør verta semje om kva vegrett det er snakk om- gangveg eller køyrevog og kor plasskrevjande denne var meint å vera.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dei stiller seg også undrande til at søker vil endra passasjen mellom bnr 42 og 79 til ein kileforma tilkomst med knappe 2,5 meters breidde mot noverande parallelle passasje på ca 4 meters breidde. Her er det ikkje søkjar, men kommunen som har lagt inn grensa slik at det vert smalare passasje i aust. Getz sitt framlegg var noko meir parallelt med ca 3 m brei korridor. Kommunen korrigererte litt her for å prøva å få avstandane på skylddelingsmåla meir rette. Målet på 36/79 mot aust skal vera 48,5 meter og kommunen har teikna den inn med maks 47,5 m og då heilt i sjøkanten- merket skal vera 1 m over flomålet. Ein har teke utgangspunkt i at grensa til 36/ 42, 50 går i eksisterande gjerde mot nord og aust og at dette er rett i høve skyldskifta.

Ein ser grunn til å minna om at retting av desse grensene i kartet ikkje endrar på grensene i marka og at det framleis er skyldskiftet og grensene i marka som gjeld. Retting vert difor heller ikkje rokka med eventuelle rettar som er her.

Kan det verte semje om ei retting der passasjen mellom eigedommane framleis vert liggande som ein korridor på ca 3- 4 meter? Dersom det ikkje er semje om kvar grensa går vil kommunen ikkje fullføra denne rettinga i kartet. Då er alternativet som nemnt å rekvirere klarlegging av eksisterande grense hjå kommunen eller hjå jordskifteretten.

Ein ber om tilbakemelding innan 3 veker på om det er semje om endringsframlegget frå kommunen (sjå ovenfor) eller at det kjem inn eit justert framlegg som partane er samde om.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kim Gripsgård
Tordis Odland Andersen
Randi Odland
Bjørg og Tom Getz